

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad:</b>	Vitemeir, Skarpeteigvegen 2, 6854 Kaupanger
<b>Dato:</b>	01.12.2021
<b>Tid:</b>	11:00-15-35

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Gunnar Moland	Medlem	H
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Trude Brosvik	Leiar	KRF
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Bente Borghild Underthun	Medlem	SAFO
Kjell Søvik	Nestleiar	FFO

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Anita Helen Hammerseth Æsøy	Medlem	FFO
Sigrid Rønneberg	Medlem	SAFO
Egil Bru Overaa	Medlem	FFO

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Gunn Karin Sande	Anita Helen Hammerseth Æsøy	FFO

**Merknader****Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Karl Viken	Seniorrådgjevar, økonomi
Arlid Knapskog	Møtesekretær / rådgjevar, politisk sekretariat

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 16/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 17/21	Godkjenning av protokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 13.10.2021	2020/77152	
GK 18/21	Godkjenning av protokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 12.11.2021	2020/77152	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 42/21	Årsplan RMNF 2022	2020/77152	
RS 43/21	Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 - 2027	2020/77152	
RS 44/21	Eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter i Vestland fylkeskommune - Revisjonsrapport	2020/77152	
RS 45/21	Møter i folkevalde organ - streaming og digital deltaking på fjernmøter	2020/77152	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 39/21	Uttale frå medverknadsorgana - Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 5/21	2020/77154	
PS 40/21	Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025 - høyring	2021/5938	
PS 41/21	Handlingsplan 2022 - avdeling Kultur, idrett og inkludering	2020/77152	
PS 42/21	Høyring Handlingsprogram for folkehelse - medverknadsorgana	2021/51620	
PS 43/21	Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 regional plan for innovasjon og næringsutvikling	2020/77152	
PS 44/21	Oppfølging av sak om reisetidsgaranti	2020/77152	
PS 45/21	Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 - 2024	2020/77152	

## Godkjenningssaker

### **GK 16/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2021**

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

### **GK 17/21 Godkjenning av protokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 13.10.2021**

Møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 13.10.21 er lagt ved saka.

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2021**

Møteprotokollen vart godkjent utan merknader.

### **GK 18/21 Godkjenning av protokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 12.11.2021**

Møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 12.11.21 er lagt ved saka.

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2021**

Møteprotokollen vart godkjent utan merknader.

## Referatsaker

### **RS 42/21 Årsplan RMNF 2022**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2021**

Saka vart referert.

### **RS 43/21 Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 - 2027**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2021**

Saka vart referert.

### **RS 44/21 Eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter i Vestland fylkeskommune - Revisjonsrapport**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2021**

Saka vart referert.

### **RS 45/21 Møter i folkevalde organ - streaming og digital deltaking på fjernmøter**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2021**

Saka vart referert.

## Politiske saker

### PS 39/21 Uttale frå medverknadsorgana - Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 5/21

Forslag til innstilling/vedtak

Rådet gjev følgjande uttale:

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2021**

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slik forslag:

«Tillegg:

RMNF er samd med merknaden i fylkesutvalet si innstilling om TT-køyring, der ein understrekar at brukarane ikkje blir skadelidande med ei overgangsordning til kommunane. RMNF merkar seg at fylket har mange bygg og anlegg på investeringsbudsjettet og ber om at brukar-grupper innanfor universell utforming blir tekne tidleg med på råd.»

#### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteken

#### **Uttale**

Rådet gjev følgjande uttale:

RMNF er samd med merknaden i fylkesutvalet si innstilling om TT-køyring, der ein understrekar at brukarane ikkje blir skadelidande med ei overgangsordning til kommunane. RMNF merkar seg at fylket har mange bygg og anlegg på investeringsbudsjettet og ber om at brukargrupper innanfor universell utforming blir tekne tidleg med på råd.

### PS 40/21 Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025 - høyring

**Saksprotokoll i Vestland ungdomsutvall - 19.11.2021**

**Mia Holdhus** sette fram følgjande forslag:

«Alternativ:

Vestland Ungdomsutval ønskjer at det skal bli tryggare å ferdast langs vegen. Me meina det er ønskjeleg med fleire sykkelstiar, gangfelt og fotgjengarovergangar langs vegar som ikkje har dette. Det burde leggjast meir til rette for at ein skal kome seg rundt på sykkel eller ved å gå. Det er ønskjeleg at fleire kan få betre trafikkopplæring i ung alder, gjerne i forbindelse med skule. Valfaget trafikk som er tilbydd ved nokre ungdomsskular er me svært positive til, og me ser på det som eit fag som bidrar til større trafikktryggleik blant unge og ønskjer at dette skal bli tilgjengeleg på fleire skular. El-sparkesyklar har gitt trafikkbilete nye utfordringar. I forlenging av uttale til nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2022-2025, vil Vestland Ungdomsutval framheve at både lokale og statlege myndigheiter burde ha meir handlingsrom til å regulera el-sparkesyklar, og at elsparkesyklar bør differensierast frå vanlege sykklar i lovgiving som til dømes i siste ledd av kjøretøyforskriften §2-5, nr12. Det er svært bra at ein ønskjer å sjå meir på korleis ein kan sikre barn i skuleskyssen og andre trafikksikringstiltak på skuleveg. Om ein har betre gangfelt og færre farlege vegar langs skulevegen kan ein også spare på skuleskyssen og ein får meir fysisk aktivitet inkludert i kvardagen. VU ser også alvorleg på ulukkesstatistikken for unge, og vil understreka kor viktig det er med førebyggjande tiltak spesifikt for dei nyaste trafikantane. Slike tiltak er mest aktuelt for 1. klassingar og 3. klassingar på vidaregåande opplæring.»

#### **Avrøysting**

Mia Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale**

Vestland Ungdomsutval ønskjer at det skal bli tryggare å ferdast langs vegen. Me meina det er ønskjeleg med fleire sykkelstiar, gangfelt og fotgjengarovergangar langs vegar som ikkje har dette. Det burde leggjast meir til rette for at ein skal kome seg rundt på sykkel eller ved å gå. Det er ønskjeleg at fleire kan få betre trafikkopplæring i ung alder, gjerne i forbindelse med skule.

Valfaget trafikk som er tilbydd ved nokre ungdomsskular er me svært positive til, og me ser på det som eit fag som bidrar til større trafikktryggleik blant unge og ønskjer at dette skal bli tilgjengeleg på fleire skular. El-sparkeyklar har gitt trafikkbilete nye utfordringar. I forlenging av uttale til nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2022-2025, vil Vestland Ungdomsutval framheve at både lokale og statlege myndigheiter burde ha meir handlingsrom til å regulera el-sparkeyklar, og at el-sparkeyklar bør differensierast frå vanlege sykklar i lovgiving som til dømes i siste ledd av kjøretøyforskriften §2-5, nr12. Det er svært bra at ein ønskjer å sjå meir på korleis ein kan sikre barn i skuleskyssen og andre trafikksikringstiltak på skuleveg. Om ein har betre gangfelt og færre farlege vegar langs skulevegen kan ein også spare på skuleskyssen og ein får meir fysisk aktivitet inkludert i kvardagen. VU ser også alvorleg på ulukkesstatistikken for unge, og vil understreka kor viktig det er med førebyggjande tiltak spesifikt for dei nyaste trafikkkantane. Slike tiltak er mest aktuelt for 1. klassingar og 3. klassingar på vidaregåande opplæring

## Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 17.11.2021

**Martin Monrad Reigstad** sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet viser til sin handlingsplan og gjev slikt innspel:

Transport/kommunikasjon

- at alle vegplanar må innehalde punkt om at det blir laga sykkel-/gangsti langs alle nye vegar samstundes som vegen blir bygd
- å sørge for tilgjengeleg og sikker transport, slik som serviceskyssen og tilrettelagt transport - og det må vere eit tenleg tilbod i alle delar av fylket
- at alle haldeplassar har leskur, godt ljøs og markering for fotgjengarar slik at det blir trygge tilhøve ved av- og påstiging
- at vegar og fortau vert rydda og strødd om vinteren slik at det vert trygt å ferdast
- at brukarar av transportordninga for funksjonshemma (TT-kortet) som er innvilga TT-kort beheld dette sjølv om dei har opphald i institusjon»

### Avrøysting

Reigstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Fylkeseldrerådet viser til sin handlingsplan og gjev slikt innspel:

Transport/kommunikasjon

- at alle vegplanar må innehalde punkt om at det blir laga sykkel-/gangsti langs alle nye vegar samstundes som vegen blir bygd
- å sørge for tilgjengeleg og sikker transport, slik som serviceskyssen og tilrettelagt transport - og det må vere eit tenleg tilbod i alle delar av fylket
- at alle haldeplassar har leskur, godt ljøs og markering for fotgjengarar slik at det blir trygge tilhøve ved av- og påstiging
- at vegar og fortau vert rydda og strødd om vinteren slik at det vert trygt å ferdast
- at brukarar av transportordninga for funksjonshemma (TT-kortet) som er innvilga TT-kort beheld dette sjølv om dei har opphald i institusjon

## Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2021

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF er oppteken av at det må vere godt tilgjengelege og trygge haldeplassar, der det er godt merka kva buss / båt du skal ta, og at du kjem dit utan å utsette deg for trafikkfarleg situasjon. Mange menneske med nedsett funksjonsevne brukar lengre tid i trafikken, td til å krysse veg, gå ut og inn av bussar mm. Det er viktig at dette vert teke omsyn til for at dei skal oppleve seg trygge i trafikken.

### Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Uttale

RMNF er oppteken av at det må vere godt tilgjengelege og trygge haldeplassar, der det er godt merka kva buss / båt du skal ta, og at du kjem dit utan å utsette deg for trafikkfarleg situasjon. Mange menneske med nedsett funksjonsevne brukar lengre tid i trafikken, t.d. til å krysse veg, gå

ut og inn av bussar mm. Det er viktig at dette vert teke omsyn til for at dei skal oppleve seg trygge i trafikken.

## **PS 41/21 Handlingsplan 2022 - avdeling Kultur, idrett og inkludering**

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2021**

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slik forslag:

«Tillegg:

Deltaking for alle er eit sentralt fokus innan DKSS, UKM, Kultur og helse, DKS, festivalsamarbeid og musikarordningane. Fylket skal framleis ta ansvar for kulturarrangement for barn og unge med utviklingshemming, td Kulturfestivalen i Førde.»

#### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale**

Deltaking for alle er eit sentralt fokus innan DKSS, UKM, Kultur og helse, DKS, festivalsamarbeid og musikarordningane. Fylket skal framleis ta ansvar for kulturarrangement for barn og unge med utviklingshemming, t.d. Kulturfestivalen i Førde

## **PS 42/21 Høyring Handlingsprogram for folkehelse - medverknadsorgana**

Forslag til vedtak.

1. Medverknadsorgana gjev følgjande uttale til handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025:

### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 19.11.2021**

**Mia Holdhus** sette fram følgjande forslag:

«Alternativ:

Vestland ungdomsutval meiner at det er viktig å prioritere skulevegen til elevane i fylket for å sikre dei ein trygg og tilrettelagt veg til skulen. Dette omfattar blant anna fleire gang- og sykkelveggar og fotgjengarfelt. Me ønskjer at lågterskeltilbod for ungdom skal prioriterast, slik at alle kan delta i aktivitetar på fritida uavhengig av økonomi. I tillegg til fleire lågterskel møteplassar for ungdom. Det er viktig for oss at den vidaregåande opplæring er praksisnær slik at ein er førebudd yrkeslivet på ein betre måte. VU meina også at det er viktig med universell utforming av dei vidaregåande skulane slik at alle har like god tilgang til bygga. Det er også veldig positivt å få inn pilotprosjekt med fiskesprell i kantiner for å få sikra ein variert kost.»

#### **Avrøysting**

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale**

Vestland ungdomsutval meiner at det er viktig å prioritere skulevegen til elevane i fylket for å sikre dei ein trygg og tilrettelagt veg til skulen. Dette omfattar blant anna fleire gang- og sykkelveggar og fotgjengarfelt. Me ønskjer at lågterskeltilbod for ungdom skal prioriterast, slik at alle kan delta i aktivitetar på fritida uavhengig av økonomi. I tillegg til fleire lågterskel møteplassar for ungdom. Det er viktig for oss at den vidaregåande opplæring er praksisnær slik at ein er førebudd yrkeslivet på ein betre måte. VU meina også at det er viktig med universell utforming av dei vidaregåande skulane slik at alle har like god tilgang til bygga. Det er også veldig positivt å få inn pilotprosjekt med fiskesprell i kantiner for å få sikra ein variert kost

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2021**

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slik forslag:

«Tillegg

Tiltak 1.9

Vestland fylkeskommune skal i tillegg slutte seg til og gjennomføre CRPD (FN sin rettighetskonvensjon for menneske med nedsett funksjonsevne).

Nytt tiltak

Sikre at de som av forskjellige grunner ikke kan eller har vanskelig for å lese får tilgang til lydbøker og hjelpefunksjonalitet for å lese. For å dekke private, offentlige, utdannings eller andre behov.»

#### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale**

Tiltak 1.9

Vestland fylkeskommune skal i tillegg slutte seg til og gjennomføre CRPD (FN sin rettighetskonvensjon for menneske med nedsett funksjonsevne).

Nytt tiltak

Sikre at dei som av forskjellige grunner ikkje kan eller har vanskeleg for å lese får tilgang til lydbøker og hjelpefunksjonalitet for å lese. For å dekke private, offentlege, utdannings- eller andre behov.

### **PS 43/21 Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 regional plan for innovasjon og næringsutvikling**

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

#### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2021**

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slik forslag:

«Tillegg:

Tillegg til delmål 2, punkt 5 under «kompetanseutvikling i arbeidslivet». Tillegg i blokkbokstavar:

Utvikle nye samarbeidsmodellar mellom NAV, utdanningsinstitusjonar, arbeidslivet og karrieretenestene med særleg fokus på innvandrarak, flyktningar, MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE og ungdommar som har falle ut av vidaregåande opplæring og arbeidslivet. Arbeidet skal bygge på erfaringar frå forsøk og modellar i fylket»

#### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale**

Tillegg til delmål 2, punkt 5 under «kompetanseutvikling i arbeidslivet». Tillegg i blokkbokstavar.

Utvikle nye samarbeidsmodellar mellom NAV, utdanningsinstitusjonar, arbeidslivet og karrieretenestene med særleg fokus på innvandrarak, flyktningar, MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE og ungdommar som har falle ut av vidaregåande opplæring og arbeidslivet. Arbeidet skal bygge på erfaringar frå forsøk og modellar i fylket»

## **PS 44/21 Oppfølging av sak om reisetidsgaranti**

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2021**

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slik forslag:

«Alternativ:  
RMNF tar saka til vitande»

#### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

RMNF tar saka til vitande.

## **PS 45/21 Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 - 2024**

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2021**

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slik forslag:

«Alternativ:  
RMNF vil peike på kor viktig det er at skulebiblioteka tek høgde for dei behov menneske med nedsette funksjonsevne har, både for fysisk tilrettelegging og for å få tilbod tilpassa til dei funksjonsnedsettingane ein har. Det er også viktig at dei tilsette har kompetanse inn mot desse utfordringane.»

#### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale**

RMNF vil peike på kor viktig det er at skulebiblioteka tek høgde for dei behov menneske med nedsette funksjonsevne har, både for fysisk tilrettelegging og for å få tilbod tilpassa til dei funksjonsnedsettingane ein har. Det er også viktig at dei tilsette har kompetanse inn mot desse utfordringane